

Den ukjende kvinna i Kvekne kjerkje

I bygdeboka for Kvikne skriv professor Johan Meyer i ein artikkel om Kvikne kjerkje: "Endelig ser vi et sjeldent fint bilde av ei ung jente med teksten ÆTATIS SUÆ 18? (Datert 1663). Men Meyer veit itte kven dette er. Det har vore gjetta på at jenta er Mette Brun Borch, som var den andre kona til bergprest Christoffer Lossius gifta seg med i 1669.



Kirsten Andersdotter i Kvekne kjerkje.

Det står omsett frå latin at jenta i 1663 enten er frelst, eller teken opp i alder eller "sødmefull" alder – 18 ? år gammal. Den visne tulipanen er tydeleg et symbol på at ho er død ung. Om ho var 18 år i 1663, må ha vore fødd om lag 1645. Ho er elles ingen "pige", men gift, da ho ber koneluve.

Kven er så den unge døde? Svaret finn me itte så langt unna. På et såkalla epitafium (minnetavle) i Elverum kjerkje er det avbilda ei myndig prestekone. Det er Maren Andersdotter Opdal. Ho var dotter til presten i Oppdal,



Epitafiet i Elverum kjerkje med Maren Andersdotter Opdal.

Anders Roaldsson og fru Lucie Blick (Blix). Maren liknar mest til forveksling på vår unge kvinne!

Familien til Herr Anders og fru Lucie finn me på et epitafium i Oppdal kjerkje. Det er frå 1652. Der ser vi Maren i andre rekkje frå høgre. Og nedst til høgre ser vi Kirsten. Ho ser ut til å vere om lag sju år. Så dette stemmer utruleg bra.



Utsnitt av epitafiet i Oppdal kjerkje. Maren held handa på skuldra til veslesøster Kirsten.

Kirsten må ha vore eit passende parti for den unge og lovande teolog Christoffer Lossius i grannesoknet Kvikne. Han var fødd omkring 1640 og var da truleg ferdig teolog frå København i 1662 eller 1663. Det vart kanskje bryllaup like etter at den nybakte teo-

logen vende heim att, men så kan det ha gått gale med stakkars Kirsten. Til svært så stor sorg for Herr Christoffer. Han var lovd Tynset prestegjeld etter Herr Hans Lauritzen, som den tida nok song på siste verset.

Herr Christoffer vart sokneprest i Tynset 1667. Da vart han nøydd til å skaffe seg kone. Det vart itte presteenka i Tynset, Magnild Mikkelsdotter. Ho var visst nok itte lett å leve med. I staden fann han seg presteenke Mette Brun Borch frå Elverum. Dei to kunne i 1670 ta over kapellaniet i Kvekne, da bergprest Niels Friis tok over hele prestegjeldet.

Truleg er det same kunstnar som har stelt i stand epitafiet i Elverum som har foreviga unge, vakre Kirsten! Neste gong du besøker den flotte kjerkja, må du stanse opp med respekt føre portrettet av salig ung Kirsten!

Arne Dag Østigaard
2500 Tynset



ALVDAL KOMMUNE



RENDALEN KOMMUNE

**RENDALEN
BYGDEMUSEUM KF**